



MINISTERVISITT: Helseminister Bent Høie (H) langar ut mellom dei ulike klinikktilboda ved Nordfjord sjukehus på Eid tysdag, med lokal psykiatrisjef Gunvald Ludvigsen t. v. som vegvisar. Høie vert vidare flankert av adm. dir. Jan Bolstad og styreleiar Jorunn Ringstad i Helse Førde. Dei blir no pålagde å følgje opp Helse Vest sine vedtekte satsingsplanar på Eid.

Set press på Helse Førde

• Helseminister Høie (H) ser Nordfjord sjukehus som nasjonalt flaggprosjekt

EID

– Nordfjord sjukehus vert eit framtidsetta og levedyktig prosjekt. Helse Førde må følgje opp Helse Vest sin visjon.

Dette slo helseminister Bent Høie (H) fast, etter å ha gått heile presentasjonsrunden ved Nordfjord sjukehus tysdag ettermiddag.

Etter å ha helsa på, sett og høyrte kva ein optimistisk stab ved lokalsjukehuset kunne by fram, var det duka for møte med Nordfjordsrådet, og dernest med Sjukehusaksjonen i Nordfjord. Akksjonen har teke til orde for samanslåing med Volda.

LOKALSJUKEHUS

- Nordfjord sjukehus på Nordfjordeid har i ei årrekke vore nedleggingstruga, med ei rekke storstila aksjonar i lokalbefolkninga som svar.

- Har mista både fødeavdeling og ortopedi i løpet av få år.

- Satsar no målretta på nye modellar innan rus/psykiatri, og heilskapleg/tverrfagleg for stadig fleire eldre pasientar.

- Vedtak om satsing på dagkirurgi og lokal styring.

Ordførarskryt. Nordfjordsrådet er ordførarane i dei seks Nordfjordkommunane Vågsøy, Selje, Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn. Dei har over tid stått målretta på for å sikre posisjonen til lokalsjukehuset på Eid.

Lokalordførar Alfred Bjørlo (V) målbar rådet sine to hovudønske: At sjukehuset skal få reell og omfattande dagkirurgi, og at det skal vere ein lokal sjef som styrer.

Bjørlo let det meir enn skine gjennom at ordførarane er på kollisjonskurs med leiing og styre i Helse Førde når det gjeld utvikling/avvikling av Nordfjord sjukehus.

– Heldigvis har Helse Vest vore meir framsynte og dei har

overprøvd Helse Førde sin manglande satsingsvilje for lokalsjukehuset her, sa Bjørlo mellom anna. Venstremannen fekk respons frå ein hundre prosent lydhyr høgremann med makt i ministerstol:

– Eg kan seie det så klart: Det er takka vere innsatsen og vyane til dykk i Nordfjordsrådet at lokalsjukehuset her eksisterer i dag, og etter alt sannsyn vil eksistere også i framtida, kvitterte helseminister Bent Høie. Han la til at hans eige syn på satsinga på Eid, er heilt samanfalle med det føretaksstyret i Helse Vest har bestemt: Oppretting av dagkirurgi på Eid, eigen plassjef med mynde - og satsing med nye metodar innan

rus/psykiatri, hjarte og geriatri (eldrehelse).

Press. Dermed set han også press på lokalstyret i Helse Førde om å følgje lojal opp.

– Eg er svært godt nøgd med svara vi fekk frå statsråden i dag, sa Eid-ordførar Alfred Bjørlo til Sunnmørsposten etter møtet.

Også Sjukehusaksjonen fekk møte ministeren, og dei er langt frå nøgde med den satsinga det ligg an til no. Dei meiner dette ikkje er nok til å tryggje sjukehuset. Høie sa etterpå til Sunnmørsposten at samanslåing av Eid og Volda ikkje er tema med det første.

KNUT ARNE AARSET
kaa@smp.no



NORDFJORDRÅDET: Leiar i Nordfjordsrådet, ordførar Sven Flo (H) i Stryn, overrekte helseminister Bent Høie (H) ei heil mappe om ordførarkolleget sitt arbeid og vyar for Nordfjord sjukehus.



MODELL: Bent Høie ser føre seg Nordfjord sjukehus som ein ny utviklingsmodell på nasjonalt nivå.



AKSJONISTANE: Sjukehusaksjonen for Nordfjord slo i bordet med høgare aktivitetnivå som einaste framtidige berging for lokalsjukehuset. Vidare vil dei ha vurdert å gå over fylkes/føretaksgrensene for samarbeid.